



BERGEN ELOKSAL AS
Kokstaddalen 30 (JE)
5257 Kokstad

Sakshandsamar::
Silje Tingstad

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Bergen Eloksal AS

Kontrollnummer: 2019.074.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Pål Midgaard
Geir Lexau

Frå Fylkesmannen i Vestland:
Silje Tingstad,
Hallvard Hageberg
Roba Al-Serhan

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Bergen Eloksal AS 14. juni 2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekka 2 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen. Fylkesmannen ser alvorleg på avvik 2 i denne rapporten.

Avvik:

- Verksemda har manglar i internkontrollen
- Verksemda leverer ikkje farleg avfall i tråd med reglane i avfallsforskrifta

Merknad:

- Nokre sikkerhetsdatablad for kjemikaliar var av eldre dato

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Silje Tingstad
overingeniør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kopi til: Bergen kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: BERGEN ELOKSAL AS	
Organisasjonsnr.: 980018423	Eigd av: 979997493
Bransjenr. (NACE-kode): 25.610 - Overflatebehandling av metaller	

Kontrollert eining

Namn: Bergen Eloksal AS	Anleggsnr.: 1201.0132.01
Kommune: Bergen	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling	
Løyve gitt: 30.10.2009	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrollova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin nasjonale aksjon for verksemdar som driv kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Grunnforureining
- Prosess og reinseutstyr
- Avfall
- Utslepp til luft
- Kjemikaliar
- Utslepp til vatn
- Sikring mot akutte utslepp

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Bergen Eloksal AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Bergen Eloksal AS innan 1. oktober 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde. Inkluder skriftleg dokumentasjon og gjerne bilete i tilbakemeldinga.

Vi ser alvorleg på avvik nummer 2 som vart avdekt i denne inspeksjonen. Gjennomføring av tiltak kan bli følgt opp med ny kontroll.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Silje Tingstad.

4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Fylkesmannen varslar at vi vil fatte vedtak om tvangsmulkt (jf. forureiningslova § 73) dersom vi ikkje har motteke ei skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan 1. oktober. Tvangsmulka vil kome på dersom vi ikkje har motteke stadfesting på at avvik er retta innan 3 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingongsbeløp på kr 50 000,-.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Fylkesmannen i Vestland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda 3. mai 2019. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Bergen Eloksal AS betale eit gebyr på kr 19 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil en dags varighet. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda har manglar i internkontrollen

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6, 7 og 8

Kommentarar til regelverket:

Risikovurdering (punkt 6)

Verksemda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, og utarbeid tilhøyrande planer og tiltak for å redusere risikotilhøva.

Avviksbehandling og rutinar (punkt 7)

Verksemda skal utarbeide rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på miljøregelverket. Rutinane må vere dokumenterte slik at dei kan inngå i internkontrollen.

Systematisk gjennomgang (punkt 8)

Verksemda skal foreta systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer. Dette skal dokumenterast skriftleg.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Risikovurdering og systematisk gjennomgang

Det vert opplyst at risikovurderinga er frå 2013, og at den har vore gjennomgått jamleg. Den er ikkje datert, så dette er ikkje dokumentert. To 1000 liters IBC-kontainarar var lagra over sluk, med berre 300 liters oppsamlingsarrangement under. Dette var ikkje risikovurdert.

Avviksbehandling og rutinar

Verksemda har eit avvikssystem, såkalla handlingsplan, men det vert opplyst at mange avvik vert avgjort munnleg straks det har oppstått. Det vart opplyst at verksemda ikkje hadde hatt avvik på ytre miljø. Det er ikkje definert kva som er eit avvik på ytre miljø. Til dømes har det ikkje vore ført som avvik at verksemda ikkje har levert farleg avfall.

Avvik 2

Verksemnda leverer ikkje farleg avfall i tråd med reglane i avfallsforskrifta

Avvik frå:

Avfallsforskrifta §§ 11-5, 11-8, 11-12

Kommentarar til regelverket:

Forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall (§ 11-5)

Farleg avfall skal tas hand om på ein forsvarleg måte. Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall. Ulike typar farleg avfall skal ikkje blandast saman dersom dette kan føre til fare for forureining, eller skape problem for vidare handtering av avfallet.

Leveringsplikt (§ 11-8)

Verksemder der det oppstår farleg avfall skal levere det til den som kan handtere avfallet. Det farlege avfallet skal leverast minst 1 gang per år, år den totale mengda farleg avfall overstig 1 kg. Den som har leveringsplikt skal ha skriftleg dokumentasjon om kvar det farlege avfallet er levert. Dokumentasjon skal oppbevarst i minst tre år.

Verksemders deklarasjonsplikt (§ 11-12)

Verksemder som leverer farleg avfall skal gi tilstrekkelege opplysningar om kvar avfallet kjem frå, innhald og eigenskapar, slik at den vidare handteringa av avfallet kan skje på forsvarleg måte. Når avfallet vert levert til godkjent mottakar skal verksemnda fylle ut deklarasjonsskjema på www.avfallsdeklarering.no. Emballasjen skal vere merka med deklarasjonens løpenummer. Merkinga må tole fysiske og klimatiske påverknadar.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Filterkake og «sluttprodukt» frå reinseanlegget er ikkje levert som farleg avfall sidan 2015. Verksemnda har heller ikkje levert noko anna farleg avfall, til dømes tomme sprayboksar, tynnar, malingsrestar mm. Verksemnda har ikkje registrert seg i www.avfallsdeklarering.no.

8. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Nokre sikkerhetsdatablad for kjemikaliar var av eldre dato

Kommentarar:

Nokre sikkerhetsdatablad i kjemikaliepermen var av eldre dato. Verksemnda opplyste at noko hadde gått gale i EcoOnline då dei nyleg skulle hente ut siste versjon av nokre datablad til å ha i permen. Verksemnda må sikre seg at dei har siste oppdaterte versjon av alle sikkerhetsdatablad.

9. Andre tilhøve

Bruk av kjemikalie med krom

Bergen Eloksal AS har kjemikalier som inneheld kromsambindingar. Dei som bruker kromsambindingar må ha særskilt godkjenning etter EUs kjemikalierregelverk REACH. Dette vil bli føljt opp av Miljødirektoratet.

Tanklagring

Tanklagring var ikkje særskilt tema ved tilsynet. Verksemda har tre tankar, men det er ikkje avklart kven av tankane som eventuelt er omfatta av Kapittel 18 i forureiningsforskrifta om tanklagring av farlege kjemikalier og farlig avfall. Forskrifta trådde i kraft 1. januar 2014, og gjeld for tankar med petroleumsprodukt på meir enn 10 m³ og for andre farlege kjemikalier og farleg avfall over 2 m³. Frå 1. januar 2019 gjeld krav om fysisk barriere som minst skal romme heile tankens volum for tankar med innhald som er flytande ved normalt trykk og temperatur. Dette gjeld i tillegg til andre eventuelle organisatoriske og tekniske barrierar.

For meir informasjon om krava til tanklagring har Miljødirektoratet har laga ein rettleiar for denne forskrifta.

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m536/m536.pdf>

Revisjon av løyve

Verksemda sitt løyve er frå 2009. Fylkesmannen vil truleg revidere løyvet i løpet av 2020. Vi vil varsle verksemda før vi startar prosessen.

10. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- forureiningslova
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- produktkontrollova §§ 3 og 3a
- løyve datert 30. september 2009